



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske formannskap	13.06.2022	075/22

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022 - 2032, utlegging til offentlig ettersyn

Innstilling:

Giske formannskap vedtar å legge forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel 2022 - 2032 ut til offentlig ettersyn i minst 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 11-4.

13.06.2022 Giske formannskap

Tydeleggjere kulepunkt om bevaring av 100-metersbeltet og allmenn bruk av dette på side 15.

Rette opp faktafeil, til dømes Giske som Robek-kommune.

Formulere betre siste kulepunkt side 15 om forholdet mellom arealplan og reguleringsplan.

Innstillinga, med dei merknadar som kjem fram i møtebehandling, vart samrøystes godkjend. 5 voterande.

F- 075/22 Vedtak:

Giske formannskap vedtar å legge forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel 2022 - 2032 ut til offentlig ettersyn i minst 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 11-4.

Vedlegg:

Hovuddokument

Kommunestatistikk Giske kommune 2021

Spørjeundersøking 2021

Spørjeundersøking 2021 - svar

(Rev.30.03.2022)Planstrategi 2020-2024 og planprogram for kommuneplanens samfunnsdel (841781)

Vedtak av kommunal planstrategi 2020 - 2023 og fastsetting av planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel

Saksutgreiing:

Giske kommunestyre vedtok den 05.02.2020, sak 030/20, å slå saman arbeidet med kommunal planstrategi og oppstart av arbeidet med kommuneplan, samfunnsdelen i tråd med plan- og bygningslova §10-1. Arbeidet blei organisert med ei administrativ arbeidsgruppe og formannskapet som styringsgruppe.

Formannskapet vedtok den 24.08.2020, sak 141/2020, å leggje forslag til planstrategi 2021-2024 og forslag til planprogram for kommuneplanens samfunnsdel

2020-2032 ut til offentleg ettersyn i tidsrommet 3. september – 15. oktober 2020, jf. plan- og bygningslova §§ 4-1, 10-1, 11-12 og 11-13.

Giske kommunestyre vedtok den 03.12.2020, sak 080/20,

planstrategien for 2020-2023 og fastsette planprogram for

kommuneplanens samfunnsdel 2020-2032. Innspel frå høyringsinstansane blir tatt med og

vurdert vidare når planstrategien blir iverksett og i arbeidet med kommuneplanens

samfunnsdel. Samfunnsdelen skal innhalde mål og strategiar for korleis kommunen skal følgje opp FN sine berekraftsmål.

Utgangspunktet for arbeidet med ny samfunnsdel har vore:

- Plan og bygningslova

Kommuneplanen sin samfunnsdel er kommunen sitt overordna styringsdokument. Her skal dei langsiktige måla for Giske kommune fastsettast. Samfunnsdelen gir retning for kommunen sitt arbeid. Budsjett

og økonomiplan, kommuneplanen sin arealdel og verksemdsplanar skal ta utgangspunkt i mål og strategiar fastsett i denne planen slik at vi saman kan utvikle Giske kommune som bukommune, næringskommune og samspelkommune, og underbygd av FN sine berekraftsmål.

- Nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging 2019-2023 samt øvrige rikspolitiske retningslinjer og strategiar.

Regjeringa legg vekt på at vi står overfor fire store utfordringar:

- å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- å skape eit trygt samfunn for alle

Dei regionale og lokale myndighetene har sentrale oppgåver med å handtere desse utfordringane. Det gjeld alle kommunar, uavhengig av storleik og kompetanse. Planlegging er eit av dei viktigaste verktøya dei har. Regjeringa har bestemt at dei 17 berekraftmåla til FN, som Noreg har slutta seg til, skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid, også i Noreg. Det er derfor viktig at berekraftmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.

- Fastsett planprogram for kommuneplanens samfunnsdel 2020-2032 i k-sak 30/20
- Innkomne merknader til høyring av planstrategien
- Vedtatt planstrategi 2020-2023 i k-sak 30/20
- Strategi bu- og tenestetilbod helse og omsorg 2022-2050,

vedtatt av kommunestyret den 28. april. Dei overordna perspektiva i planen er tekne inn i samfunnsdelen.

- Plan for areal, klima og transport PAKT blir lagt fram for vedtak i kommunestyret den 16. juni. Overordna føringar i planen samsvarar med samfunnsdelen.

Som del av kunnskapsgrunnlaget viser vi til dokumenta i kunnskapsgrunnlaget for; plan for areal, klima og transport PAKT, som også er særskilt aktuelt for Giske kommune sin samfunnsdel. Desse finn de ved å søke på Ålesund kommune sine internettsider; <https://alesund.kommune.no/samfunnsutvikling/gron-mobilitet/areal-transport-og-klima/>

Heimelsgrunnlaget

Plan- og bygningslova kap. 4,10, og 11

Økonomiske konsekvensar:

Eit godt kunnskapsgrunnlegg gjer det mogeleg å gjere smartare val i planlegginga. Ved å legge FN sine berekraftsmål til grunn i planlegginga kan ein ikkje oppnå økologisk, sosial og økonomisk utvikling isolert frå kvarandre. Økonomisk berekraft er avhengig av at økologisk og sosial berekraft er ivaretatt.

Vurdering:

Planprosessen

Kommuneplanen består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Når samfunnsdelen er vedtatt er det naturleg å vurdere revisjon av gjeldande arealdel (vedtatt 2018).

Kommuneplanprosessen starta i 2020 med planstrategi og oppstart av arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel. Planstrategien vart vedtatt på slutten av året og planprogrammet for samfunnsdelen vart fastsett. Pandemien skapte vanskar for medverknadsarbeidet og arbeidet med samfunnsdelen har drege ut i tid. Som oppstart til arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel vart det den

4. mars 2021 arrangert heildags politisk verkstad for kommunestyret, med foredragshaldarar frå

Distriktsenteret (Anne Irene Myhr) og Møre og Romsdal fylkeskommune (Ole Helge

Haugen). Folkemøter har vore utelukka og møter i administrativt planforum er halde på teams. Kommunen gjennomførte ei digital spørjeundersøking lagt ut på Giske kommune sine internettsider. Spørjeundersøkinga gav 145 svar, ein svarprosent på 1,7 % i høve innbyggartalet.

Vår visjon

Visjonen historisk og framtidsretta viser retning for utviklinga fram til 2032 og skal inspirere til felles utvikling og endring.

Tre satsingsområde

Giske som bukommune – ein god plass å leve heile livet

Gode levekår gjennom heile livsløpet.

Giske som næringskommune – eit framtidsretta næringsliv

Aktiv medspelar overfor eksisterende næringsliv samt legge til rette for etablering av nye berekraftige verksemdar og næringar.

Giske som samspelkommune – Giske på lag med Sunnmøre – betre saman

Godt samspel mellom det offentlege, private, frivillige organisasjonar og ålesundregionen.

Slik når vi måla:

Bukommune

Ta vare på kommunen vår ved å verne om naturen sin eigenverdi. Gjennom mellom anna skulen utvikle kompetanse og ansvarskjensle for berekraftig bruk av naturen både på land og i sjø. Legge til rette for formelle og uformelle møteplassar og på tvers av ulike aldersgrupper. Samordne skule, barnehage, helse, idrett og bibliotek i kommunesenter Valderhaugstrand.

Forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir tatt i vare over tid. Arbeide for ein inkluderande oppvekstsektor med likeverdige tenester.

Innafor helsesektoren prioritere før-førebyggjande tiltak, aktivitet og fellesskap, god helse og kommune 3.0.; samskape med innbyggjarane. Vere leiande i å ta i bruk digitale verktøy innan helse og omsorg. Planlegge for eit aldersvenleg samfunn, byggje omsorgsbustadar, demens- og aldersvenlege bustadar i sentrum. Legge til rette for at det vert etablert nye buformer som sikrar at eldre kan bu lenger heime. Vidareutvikle kommune 3.0 inn i kommunale tenester.

Næringskommune

Utvikle Gjøvsundneset industriområde som nasjonal fiskerihamn til eit moderne og attraktivt næringsområde for etablering av nye verksemdar innan fiskeri, havbruk og annan relevant industri. Utviklinga skal skje i tråd med berekraftsmåla med vekt på innovasjon og grønt energi. Opparbeide industritomter for utleie og fellesfunksjonar. Forvalte kommunen sitt 300 dekar store industriområde i tråd med formuesbevaringsprinsippet i kommunelova.

Legge til rette for eit mangfald av arbeidsplassar saman med næringslivet og tiltrekke seg nye næringsaktørar. Samarbeide med næringslivet for å redusere marin forøpling.

Styrke Giske kommune sin identitet og sitt omdømme gjennom aktiv formidling av informasjon og kunnskap om kommunen som arbeidsstad, bustad, kultur- og reisemål.
Fremje tettare samarbeid mellom næringsområda på alle øyane for å fremje synergieffektar.

Styrke jordvernet, vurdere å omregulere ueigna og usentralt bustadareal til LNFR område. Oppretthalde og om mogeleg auke beitinga for å halde kulturlandskapa i hevd.

Samspelkommune

Halde fram samarbeidet med regionen på områda beredskap, politi, brann, hamn og infrastruktur m.m. Samarbeide på plansida med interkommunale planar som; plan for areal, klima og transport PAKT og sjøarealplan. Arbeide for eit bedre kollektivtilbod eksternt og internt. Samarbeide med vegeigar og regionen om å redusere personbiltrafikken og auke trafikktrygginga på riksveg 658 mellom Ålesund og flyplassen. Lokalt spele på lag med private og frivillige organisasjonar. Legge opp til god informasjon til/med innbyggjarane.

Kommunedirektøren tilrår for formannskapet å legge forslaget til kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2032 ut til offentleg ettersyn slik den ligg føre.